



# Ny kommune i indre Sunnfjord

Fagutvikling og koordinering

## Kommunane i indre Sunnfjord

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:  
Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

Vår referanse:  
16/3693-121-ØH-  
FE - 002

Dato:  
28.06.2017

## Ny kommune i indre Sunnfjord, protokoll møte i Fellesnemnda 28.06.17

---

**Utval:** Fellesnemnda ny kommune i indre Sunnfjord  
**Møtestad:** Scandic Sunnfjord Hotel og Spa, Førde  
**Dato:** 28.06. 2017  
**Tid:** Kl. 12:15- 14:30

---

### Medlemmar

#### Naustdal

Håkon Myrvang  
Åsmund Berthelsen  
Erlend Herstad

Forfall meldt frå følgjande  
Annlaug Birkeland

Følgjande varamedlem møtte  
Asbjørn Djupvik

#### Gaular

Anita Eide Kvamme  
Kari Iren Birkeland  
Norunn Lunde Furnes  
Mathias Råheim

#### Jølster

Oddmund Klakegg  
Reidun Støfring  
Jakob Andre Sandal  
Anders Kristian Sægrov

#### Førde

Ivar Svensøy  
Kari Valle  
Ole Johnny Stubhaug  
Olve Grotle  
Bjørn-Harald Haugsvær  
Gunn Merete Paulsen  
Turid Vallestad

**Merknader:**

**Møteleiar:** Olve Grotle

**Underskrifter:** Til å skrive under protokollen vart Turid Vallestad og Anders Kristian Sægrov valt.

---

Turid Vallestad s.

Anders Kristian Sægrov s.

## Sakliste

- FN – 01/17 Konstituering, val av leiar og nestleiar
- FN – 02/17 Val av representant til Kyrkjeleg Fellesnemnd
- FN – 03/17 Omstillingsmidlar Kyrkjeleg Fellesnemnd
- FN – 04/17 Møteplan hausten 2017
- FN – 05/17 Prosjektanvarleg/-leiar fram til ny rådmann er på plass
- FN – 06/17 Tilsetting av prosjektkoordinator
- FN – 07/17 Oppretting av prosjektsekretariat
- FN – 08/17 Orienteringssaker
  - Fast post: Generell orientering om arbeidet
  - Orientering om utarbeiding av styrings- og omstillingsdokument

## Sak 1/17: Konstituering, val av leiar og nestleiar

### Framlegg til vedtak:

1. .... blir valt som leiar av Fellesnemnda for etablering av ny kommune i indre Sunnfjord
2. .... blir valt som nestleiar av Fellesnemnda for etablering av ny kommune i indre Sunnfjord

## Handsaming

Forslag:

Leiar: Olve Grotle

Nestleiar: Anita Eide Kvamme

Samrøystes vedteke.

### Vedtak FN – 01/17

1. Olve Grotle blir valt som leiar av Fellesnemnda for etablering av ny kommune i indre Sunnfjord
2. Anita Eide Kvamme blir valt som nestleiar av Fellesnemnda for etablering av ny kommune i indre Sunnfjord

## Sak 2/17: Val av representant til Kyrkjeleg Fellesnemnd

### Framlegg til vedtak:

1. Som representant til Kyrkjeleg Fellesnemnd blir ..... valt
2. Som vararepresentant til Kyrkjeleg Fellesnemnd blir ..... valt

## **Handsaming**

Forslag:

Kari Iren Birkeland som representant til Kyrkjeleg Fellesnemnd

Ivar Svensøy som vararepresentant til Kyrkjeleg Fellesnemnd

### **Vedtak FN – 02/17**

1. Som representant til Kyrkjeleg Fellesnemnd blir Karin Iren Birkeland valt
2. Som vararepresentant til Kyrkjeleg Fellesnemnd blir Ivar Svensøy valt

Ivar Svensøy opplyste i møtet at han ikkje er medlem av Den norske kyrkje, og stilte spørsmål ved om han er valbar. Spørsmålet har i etterkant blitt sjekka ut, og det er avklart at ein må vere medlem av Den norske kyrkje for å kunne veljast som medlem av Kyrkjeleg Fellesnemnd. Fellesnemnda må velje ny vararepresentant til Kyrkjeleg Fellesnemnd.

## **Sak 3/17: Omstillingsmidlar Kyrkjeleg Fellesnemnd**

### **Framlegg til vedtak:**

Kyrkjeleg Fellesnemnd for kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal får tildelt omstillingsmidlar med kr 500 000,- for perioden juni 2017 – desember 2019.

Rapportering skjer i halvårlege møte mellom Fellesnemnda og Kyrkjeleg Fellesnemnd

## **Handsaming**

Forslag frå Norunn Lunde Furnes:

Kyrkjeleg Fellesnemnd for kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal får tildelt omstillingsmidlar med 1 000 000,- for perioden juni 2017 – desember 2019.

Forslag frå Olve Grotle

Kyrkjeleg Fellesnemnd for kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal får tildelt omstillingsmidlar med 750 000,- for perioden juni 2017 – desember 2019.

Olve Grotle sitt framlegg samrøystes vedteke.

### **Vedtak FN – 03/17**

Kyrkjeleg Fellesnemnd for kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal får tildelt omstillingsmidlar med 750 000,- for perioden juni 2017 – desember 2019.

Rapportering skjer i halvårlege møte mellom Fellesnemnda og Kyrkjeleg Fellesnemnd

## **Sak 4/17: Møteplan hausten 2017**

### **Framlegg til vedtak:**

Møta til Fellesnemnda for ny kommune i indre Sunnfjord skjer slik hausten 2017:

- 19. – 20. september 2017, stad blir avtalt seinare
- 18. oktober 2017 kl 09.00, Gaular sitt kommunehus
- 15. november 2017 kl 09.00, Naustdal sitt kommunehus
- 13. desember 2017 kl 09.00, Jølster sitt kommunehus

## **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak FN – 04/17**

Møta til Fellesnemnda for ny kommune i indre Sunnfjord skjer slik hausten 2017:

- 19. – 20. september 2017, stad blir avtalt seinare
- 18. oktober 2017 kl 09.00, Gaular sitt kommunehus
- 15. november 2017 kl 09.00, Naustdal sitt kommunehus
- 13. desember 2017 kl 09.00, Jølster sitt kommunehus

**Sak 5/17: Prosjektansvarleg/-leiar fram til ny rådmann er på plass****Framlegg til vedtak:**

Ole John Østenstad, rådmann i Førde kommune, blir fungerandre prosjektleiar/-ansvarleg fram til ny rådmann/prosjektleiar er på plass.

**Handsaming**

Tilleggsframlegg 1 frå Senterpartiet:

Rådmannsstillinga i nye Indre Sunnfjord kommune skal utlysast for vanleg fast tilsetjing.

1. Det skal utnemnast ei eiga styringsgruppe med mandat å rekruttere ny rådmann med innstilling til Fellesnemnda innan utgangen av september 2017.

2. Styringsgruppa skal bestå av følgjande medlemmer:

Leiar	.....
Medlem	.....
Medlem	.....
Medlem	.....
Tillitsvald	.....

Prosjektleiar får sekretæransvaret for Styringsgruppa.

3. Styringsgruppa får fullmakt til å engasjere ekstern rådgjevingsteneste og eller gjennomføre tilsettingsprosessen i eigen regi. Styringsgruppa skal sjølv stå for val av tilbydar for ekstern rådgjevingsteneste.

4. Styringsgruppa får og mandat til utarbeide arbeidsavtale evt. tilleggsavtale, å forhandle om vilkår i samband med tiltreding av ny rådmann i Indre Sunnfjord kommune.

5. I tillegg får styringsgruppa mandat til å avgjere aktuelle praktiske spørsmål under arbeidet.

6. I høve kostnader ved tilsettingsprosessen skal dette leggst fram for avgjer i Fellesnemnda. Fellesnemnda skal haldast orientert om arbeidet i styringsgruppa og rekrutteringsprosessen av ny rådmann.

Tilleggsframlegg frå Anders Kristian Sægrov:

Prosjektleiar/-ansvarleg legg fram sak vedrørande tilsettingsprosess for rådmann i september 2017.

Tilleggsframlegg 2 frå Senterpartiet

Prosjektleder/-ansvarlig legg fram sak vedrørende tilsetningsprosess for rådmann i september 2017.

Senterpartiet sitt tilleggsframlegg 1 til vedtak blir oversendt administrativ styringsgruppe for videre vurdering.

Tilleggsframlegg 2 frå Senterpartiet samrøystes vedteke.

Heile saka samrøystes vedteke.

### **Vedtak FN – 05/17**

Ole John Østenstad, rådmann i Førde kommune, blir fungerande prosjektleder/-ansvarlig fram til ny rådmann/prosjektleder er på plass.

Prosjektleder/-ansvarlig legg fram sak vedrørende tilsetningsprosess for rådmann i september 2017.

Følgjande tilleggsframlegg frå Senterpartiet blir oversendt administrativ styringsgruppe for vidare vurdering:

Rådmannsstillinga i nye Indre Sunnfjord kommune skal utlysast for vanleg fast tilsetjing.

1. Det skal utnemnast ei eiga styringsgruppe med mandat å rekruttere ny rådmann med innstilling til Fellesnemnda innan utgangen av september 2017.

2. Styringsgruppa skal bestå av følgjande medlemmer:

Leiar	.....
Medlem	.....
Medlem	.....
Medlem	.....
Tillitsvald	.....

Prosjektleder får sekretæransvaret for Styringsgruppa.

3. Styringsgruppa får fullmakt til å engasjere ekstern rådgjevingsteneste og eller gjennomføre tilsetningsprosessen i eigen regi. Styringsgruppa skal sjølv stå for val av tilbydar for ekstern rådgjevingsteneste.

4. Styringsgruppa får og mandat til utarbeide arbeidsavtale evt. tilleggsavtale, å forhandle om vilkår i samband med tiltreding av ny rådmann i Indre Sunnfjord kommune.

5. I tillegg får styringsgruppa mandat til å avgjere aktuelle praktiske spørsmål under arbeidet.

6. I høve kostnader ved tilsetningsprosessen skal dette leggast fram for avgjer i Fellesnemnda. Fellesnemnda skal haldast orientert om arbeidet i styringsgruppa og rekrutteringsprosessen av ny rådmann.

### **Sak 6/17: Tilsetting av prosjektkoordinator**

#### **Framlegg til vedtak:**

Som prosjektkoordinator for perioden juli 2017 – desember 2019 blir Øystein Høyvik tilsett. Stillingsstorleik blir avtalt mellom prosjektleder/-ansvarlig og prosjektkoordinator.

## **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak FN – 06/17**

#### **Framlegg til vedtak:**

Som prosjektkoordinator for perioden juli 2017 – desember 2019 blir Øystein Høyvik tilsett. Stillingsstorleik blir avtalt mellom prosjektleiar/-ansvarleg og prosjektkoordinator

### **Sak 7/17: Oppretting av prosjektsekretariat**

#### **Framlegg til vedtak:**

- Det blir etablert eit eige prosjektsekretariat som i det daglege blir leia av prosjektkoordinator
- Fungerandre prosjektleiar/-ansvarleg får fullmakt til å bemanne opp eit sekretariat med inntil 5 årsverk inkludert prosjektkoordinering og utvalsbehandling.

## **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak FN – 7/17**

- Det blir etablert eit eige prosjektsekretariat som i det daglege blir leia av prosjektkoordinator
- Fungerandre prosjektleiar/-ansvarleg får fullmakt til å bemanne opp eit sekretariat med inntil 5 årsverk inkludert prosjektkoordinering og utvalsbehandling.

### **Sak 8/17: Orienteringssaker**

#### **Framlegg til vedtak:**

Orienteringssakene tatt til vitande.

## **Handsaming**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak FN – 08/17**

Orienteringssakene tatt til vitande.

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

